

Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep.  
**0030 Oslo**

Vår ref.: 14 A 5  
Oslo, 20. april 2004

## **Nytt nasjonalt språkorgan, høyringsutkast frå Det Norske Samlaget**

Det Norske Samlaget takkar for innbyding til å levere fråsegn om det nye norske språkorganet. I samsvar med innbydinga er fråsegna vår delt i to: Den første delen tek opp aktuelle språkpolitiske utfordringar og det nye språkorganet si rolle i høve til desse utfordringane. Den andre delen peikar på behov som Samlaget ønskjer å få dekt av det nye språkorganet og på nokre område der Samlaget som nynorsk forlag og kulturinstitusjon meiner å kunne spele ei rolle.

### **Språkpolitiske utfordringar**

1 **Ei overordna målsetjing for det nye språkorganet** må vere at **norsk språk, både bokmål og nynorsk, skal vere hovudspråket i Noreg om hundre år**. I dag er det vanskeleg å finne ein samla norsk språkpolitikk med denne målsetjinga. Ei rad viktige språkpolitiske avgjerder blir tekne utan at Språkrådet har nokon definert funksjon, slik tilsvarande organ har i somme andre land det er naturleg å samanlikne seg med. Døme på dette finn vi på utdanningsfeltet når det gjeld diskusjonen om sidemål, spørsmålet om norsk som undervisningsspråk i høgre utdanning, norskopplæring for innvandrarak osv. I spørsmål om domenetap frå norsk til engelsk på område som forskning, underhaldning, ikt og næringslivet elles er det ein sprik mellom det KKD og Kulturmeldinga seier, og statens avgjerder på område som er viktige for språket. Språkorganet bør ha eit overordna ansvar for utvikling av norsk fagspråk på ulike område.

Samlaget oppmodar om at det nye organet får ei noko tyngre og meir tydeleg rolle enn dagens råd når staten skal gjere vedtak som har klare følgjer for norsk språk. Hovudmålet om å halde oppe norsk som eit fullstendig, samfunnsberande språk må vere eit fundament for det nye organet. Det krev at organet har ein uavhengig status og engasjerer seg aktivt i språksituasjonen og språkutviklinga på mange område. Ei slik rolle vil og truleg tilseie at det nye organet får ei eiga lov, slik dagens språkråd har.

Det nye organet bør utarbeide strategiar og ein handlingsplan for å nå hovudmålet, i første omgang fram til 2014.

2 Som høyringsbrevet og Kulturmeldinga peikar på, er det i dag grunn til å tone ned arbeidet med rettskrivingsreformer og arbeide for stabilitet i rettskrivinga, både for bokmål

og nynorsk. Vi er einige i dette, og at andre arbeidsoppgåver må vege tyngre for det nye organet. Det er dessutan viktige pedagogiske grunnar til å halde rettskrivingssystemet meir stabilt enn det har vore ei tid. Samstundes må det etter vårt syn vere ei offentleg regulering av den norske rettskrivinga. Tankar frå somme hald om at ein skal ha ei såkalla fri språkutvikling, er ikkje i samsvar med viktige sider av norsk kulturpolitisk og språkpolitisk tradisjon. Det er og viktig å understreke at sjølv om rettskrivinga blir stabil i ein lang periode, er det ei rad oppgåver som treng nasjonal samordning: Registrering og skrivemåte av nyord, arbeid med standardisering og fagterminologi, normering av stadnamn osv.

Samlaget stør hovudtenkinga som departementet legg opp til for det nye organet. Samstundes må det nye organet ha ei definert rolle i forhold til registrering, normering og standardisering av norsk språk.

3 I førearbeida til etableringa av det nye språkorganet konkluderer departementet med at organet iallfall i næraste framtid må vere eit organ for norsk språk, ikkje for alle språk i Noreg. Samlaget ser at oppgåvene med å få etablert det nye organet er så omfattande at det ikkje er realistisk å utvide ansvarsområdet til å gjelda alle språkbrukarar i Noreg. Samstundes er det viktig å ta inn over seg at ein i dag ikkje kan utforme ein norsk språkpolitikk utan å ta omsyn til språksituasjonen for både dei eldre minoritetane, som kvener og sigøynarar, og dei nye landsmennene våre. Debatten om forholdet mellom morsmålsopplæring og norsk-opplæring for innvandrarar er eitt døme der språkpolitiske synspunkt har ein naturleg plass.

Samlaget oppmodar departementet til å leggje fram ein plan for korleis ein på sikt vil innarbeide språksituasjonen for alle som bur i Noreg, i ein sams språkpolitikk, knytt til det nye språkorganet.

4. Måten statsinstitusjonane praktiserer mållova på, blir i dag kontrollert av KKD, gjennom Språkrådet. Samstundes ser ein at viktige område for jamstellinga mellom nynorsk og bokmål ikkje kjem inn under kontrollarbeidet. Nynorskorganisasjonar har til dømes i årevis peikt på at felles programvare som staten kjøper inn, må vere tilgjengeleg i begge målformer. Det finst mange døme på at staten i viktige avgjerder ikkje følgjer opp mållova. For eit nynorsk forlag er det viktig at Staten bruker innkjøpsmakta si til å sikre at nynorskbrukarar og nordmenn flest møter det nynorske skriftspråket så ofte som råd er.

Samlaget vil be om at departementet i samband med etableringa av det nye organet går gjennom på kva område staten i dag i praksis ikkje følgjer mållova, og at det i strategiplanen for organet blir slått fast ei målsetjing om å endre praksis på desse områda og korleis staten kan bruke si innkjøpsmakt systematisk i arbeidet for likestillinga av språkformene..

5 Prosjektskissa frå KKD ser ut til å leggje føringar for at departementet helst ønskjer eit styre, og ikkje ei brei rådsforsamling i tillegg, slik dagens råd har. Samlaget tek ikkje stilling til dette, men vil peike på at det nye organet bør ha ei fri og sjølvstendig rolle i arbeidet sitt. Eit byråkratisk organ, utan evne til å ta eksterne initiativ eller komme med friske utspel, vil vere i strid med dei tankar både noverande språkråd og departementet har komme med. Ei slik rolle kan det nye organet få gjennom ei systematisk og definert samfunnstilknytning, til våre fremste språkvitskapsmiljø og samfunnsvitskaplege miljø, til lærarutdanningsinstitusjonar, mediemiljø, it-miljø osv.

Det er svært viktig at det blir lagt ein organisasjonsplan for korleis det nye organet sikrar

desse linjene ut frå det nye organet. Det er ikkje nok med generelle ønske og krav om at organet skal byggje nettverk. I ein slik organisasjonsplan må det takast systematisk vare på krava i mållova.

### **Samlagets behov for tenester frå det nye organet**

Som nemnt over har Samlaget behov for å få tilgang til oppdatert normering av rettskrivinga, særleg for nynorsk. Det mest openberre alternativet er at Samlaget driv si eiga private normering, men ei privat norm er ei dårleg løysing for det nynorske skriftspråket og for forlaget.

Vidare vil forlaget ha behov for rådgiving og språkleg ekspertise, særleg i samband med lærebokutgiving og når det gjeld fagspråk på spesielle fagområde.

Etter vedtaket om at tilnærminga mellom nynorsk og bokmål er endeleg avslutta, er det fare for at nynorsken kan bli snevra inn til eit reint regionalspråk. Samlaget vil få eit sterkt avgrensa virkefelt dersom nynorsk ikkje blir utvikla vidare som ei jamstelt nasjonal norm, og vil ha behov for at språkorganet legg til rette for at nynorsk i framtida kan vere eit fullverdig alternativ for alle.

Som utgivar av ordbøker og andre oppslagsbøker vil Samlaget trenge eit omfattande og strukturert samarbeid med det nye språkorganet. Det nye språkorganet bør ta initiativ til å opprette ein norsk ordboksportal for elektronisk distribusjon av ordbokstilfang, der alle ordbokutgivarar kan tilby sine ordbøker.

### **Samarbeid med og bidrag til det nye organet**

For Samlaget som det langt største og einaste riksdekkjande nynorske forlaget er det viktig å ha nært samarbeid med det nye organet, både formelt og uformelt. Dersom det blir etablert ei form for råd eller rådgivande instansar i tilknytning til det nye språkorganet, meiner vi det er rimeleg at Samlaget er representert.

Vi ser også at det nye språkorganet vil kunne ha bruk for Samlagets ekspertise på nynorsk publisering og marknadsføring overfor nynorskbrukarar. Det kan t.d. dreie seg om publisering av stoff i tilknytning til den verksemda språkorganet skal drive.

Samlaget ønskjer å halde fram med å levere bidrag til oppbygging av språkressursar på nynorsk, der vi dag har eit samarbeid med Universitetet i Oslo. Vi reknar med at språkorganet får eit ansvar eller delansvar for ei samling av norske språkressursar, av somme kalla ein norsk språkbank.

Samlaget vil også gjerne bidra til at det blir utvikla hjelpemiddel for å gjere det enklare å bruke nynorsk, særleg på område der nynorsk i dag er lite brukt.

Med vennleg helsing

**Det Norske Samlaget**

Kjellbjørg Lunde  
Leiar styret i Litteraturselskapet

Audun Heskestad  
forlagssjef